

**Fra:** Laila Melkevoll (Laila.Melkevoll@hfk.no)  
**Sendt:** 23.05.2014 10:28:06  
**Til:** Ungdommens Fylkesutval  
**Kopi:** Hordaland Fylkeskommune - Postmottak

**Emne:** Invitasjon til å møte Grunnlovsseilasen 2014 og til å delta på Allting for ungdom 31. mai 2014 på Bryggen i Bergen

**Vedlegg:** image001.png;Program Grunnlovsseilasen 2014 31 mai i Bergen.pdf;Utkast fråsegn frå ungdom i Hordaland til Grunnlovsseilasen 2014.pdf  
 TIL UNGDOMMENS FYLKESUTVAL

Takk for sist til alle som deltok på festmøte og festmiddag for Grunnlova! No nærmar det seg neste store hending, og eg vonar å sjå dykk alle saman på Bryggen neste laurdag klokka 1130. De er tiltenkt ei rolle i Alltinget som startar 1230, men før det vert det eit staseleg program, blant anna med The Vossarebels som er eit Rockabillyband frå Voss. Agnes skal saman med ordførar i ungdommens bystyre i Bergen vere med å segle med Anna Rogde siste vegen inn til Bryggen, og då er det viktig at mange står på kaia for å ta imot!

Grunnlovsseilasen 2014 med skonnerten Anna Rogde kjem til Hordaland og Bergen 31. mai klokka 12. Hordaland fylkeskommune inviterer saman med Bergen kommune til eit arrangement på Bryggen for å ynskje seilasen velkomen. Vengebåten Enigheden vil saman med Redningsskøyta eskortere Anna Rogde inn Byfjorden, og vi vonar at det vil verte ein folkefest på kaia med kultur og debatt.

På vegner av Ungdomspolitisk utval og Ungdommens bystyre i Bergen sender eg ut denne invitasjonen, som går til alle, og særskilt til ungdomsråda og skuleelevar. Vi ber derfor om at denne invitasjonen vert formidla vidare til desse. Vedlagt ligg eit utkast til fråsegn frå ungdom i Hordaland som skal debatterast på Allting for ungdom same dag. Under alltinget er det også spørretime, og høve for alle å be om ordet.

Sjå elles gjerne Grunnlovsseilasen sine sider på [www.facebook.com/grunnlovsseilasen2014](http://www.facebook.com/grunnlovsseilasen2014) for å sjå korleis første del av ferda har vore.

Meld gjerne inn personar som ynskjer kome dersom de har høve til det. Ta gjerne kontakt med underteikna om de har spørsmål, då eg er lokal kontaktperson for seilasen.

Med helsing

**Laila Melkevoll**

Rådgjever | Koordinator Grunnlovsjubileet



**HORDALAND  
 FYLKESKOMMUNE**

Agnes Mowinckels gt 5 | Postboks 7900 | 5020 Bergen

Tlf.: 930 34 668 | [laila.melkevoll@hfk.no](mailto:laila.melkevoll@hfk.no)

[www.hordaland.no/grunnlovsjubileet](http://www.hordaland.no/grunnlovsjubileet)

[www.facebook.com/grunnlovsjubileet2014hordaland](http://www.facebook.com/grunnlovsjubileet2014hordaland)

**Fra:** Laila Melkevoll

**Sendt:** 4. april 2014 12:54

**Kopi:** Kommunane i Hordaland - Alle

**Emne:** Invitasjon til ungdomsdebatt og allting for ungdom

Gode ordførar!

Kopi til postmottak i dykkar kommune

På vegner av Ungdommens fylkesutval i Hordaland og i samarbeid med Ungdommens bystyre i Bergen, Bergens Tidende og Grunnlovsseilasen 2014 mottok du denne invitasjonen til ungdomsrådet i di kommune. Dersom du kan bidra til at han formidlast vidare til rette vedkomande er det fint. Som det går fram av

invitasjonen er dette ein invitasjon til alle ungdomar i Hordaland mellom 13 og 21 år. Derfor vil vi setje pris på om det også vert formidla til skuleelevar dersom det er mogeleg.

Sjå vedlagde invitasjonsbrev med oppmoding om å kome med innspel til kva ungdomen i di kommune synest er viktig!

Innsendingsfrist er 30 april, og ta gjerne kontakt om det er noko de lurar på.

Invitasjon til å delta på allting for ungdom 31.mai i samarbeid med Grunnlovsseilassen 2014 kjem til dei som sender inn innlegg.

På førehand tusen takk for hjelpa!

Med helsing

**Laila Melkevoll**

Rådgjevar | Koordinator Grunnlovsjubileet



**HORDALAND  
FYLKESKOMMUNE**

Agnes Mowinckels gt 5 | Postboks 7900 | 5020 Bergen

Tlf.: 55 23 99 55 | 930 34 668 | [laila.melkevoll@hfk.no](mailto:laila.melkevoll@hfk.no)

[www.hordaland.no/grunnlovsjubileet](http://www.hordaland.no/grunnlovsjubileet)

[www.facebook.com/grunnlovsjubileet2014hordaland](https://www.facebook.com/grunnlovsjubileet2014hordaland)